

Frådelingssøknad for gbnr. 474/21.

Alver kommune søker herved om frådeling av det ovannemnte gards- og bruksnummer. Det vert søkt om å dele frå to (2) tomtar som det kjem fram av vedlagt situasjonskart.

I samband med nabovarslinga så vi det som naudsynt å endre kva som skulle delast frå. Korrigering av nabovarsel vart send ut til partane 03.01.2023. Korrigeringa ligg ved søknaden.

Det kom inn 2 merknadar til nabovarselet. Den eine merknaden er ein samla merknad frå 4 grunneigarar som grensar til området. Merknadene, saman med vår kommentar til desse ligg vedlagt.